



UTENRIKSDEPARTEMENTET
Ved Fred Olav Sørensen
Postboks 8114 DEP
0032 OSLO

Dato: 14.11.2016
Vår ref.: 2016/10180-2
Saksbehandlar: camstav
Dykkar ref.:

Fylkeskommunenes europeiske arbeid - innspel til UD

Viser til førespurnad frå Utanriksdepartementet om innspel til rapport om fylkeskommunens europapolitiske arbeid. Hordaland fylkeskommune set pris på at departementet involverer og gjer moglegheit for å spele inn i skriveprosessen. Vi har også nytta høve til å spele inn til tidlegare versjonar av rapporten i haust. Rapporten frå Utanriksdepartementet omtaler område som er viktig for fylkeskommunane i dag og med ei ny regioninndeling. Under følgjer konkrete innspel og refleksjonar kring innhald i rapporten. I tillegg tilbyr administrasjonen i Hordaland fylkeskommune seg til å delta i skriveverkstad før fristen for å ferdigstille og kvalitetssikre rapporten.

Fylkeskommunes politiske rolle

Hordaland ynskjer at fylkeskommunanes politiske rolle kjem tydelegare fram i dokumentet, utover i punkt 2.1. Fylkeskommunane har ei klar politisk rolle gjennom verv i internasjonale nettverk og organisasjonar som gjev ein direkte kanal for påverknad inn i EU-systemet. For Hordaland har det vore eit strategisk grep å stille president og sekretariat i Nordsjøkommisjonen for å påverke rammevilkåra for Hordalandssamfunnet. Det å ha sentrale politiske verv gjev moglegheit til å setje agenda og det gjev tilgang til nettverk og ein informasjonsflyt frå EU-systemet som norske fylke vanlegvis ikkje har. Fylkeskommune har nettverk, kanalar og politiske verv som kompletterer departementa, og her er eit potensial for å betre realisere tanken bak «Team Norway». Den politiske rolla vert viktigare i ein ny regioninndeling. Større regioner vil ha ein storleik og tyngde med større føresetnad for å påvirke EUs politikk. Regionar med større nedslagsfelt og fleire oppgåver vil også vere meir attraktive og interessante som partnarar i samarbeidsprosjekt.

Internasjonalt arbeid som strategisk verktøy

Hordaland ynskjer at ein går bort i frå omtala av fylkeskommunenes internasjonale arbeid som lystbetont i kapittel 6, men heller at det er ein strategisk del av verksemda. I Hordaland fylkeskommune er internasjonalt prosjektsamarbeid eit strategisk verktøy for regional utvikling. Med utgangspunkt i vedtekne planar og strategiar har fylkesrådmannen definert eit sett med fagområde/problemstillingar som fagleg sett er spesielt relevante å løfte inn i eit internasjonalt prosjektsamarbeid og som vil kunne gi gode effektar for hordalandssamfunnet og betre måloppnåing for Hordaland fylkeskommune. Politikarar er aktivt involvert i internasjonale organisasjonar og i arbeid med samarbeidsregioner. Dei har eit administrativt støtteapparat til å følgje opp før, under og etter møter. Forankring i leiinga er ei føresetnad for å lukkast i alle deler av organisasjonar, også på det internasjonale felt. Det er eit viktig punkt som det er naturleg å nemne i innleiinga av dokumentet. No er det eit gjennomgåande tema i rapporten, og det vert oppfatta som eit konstruert problem at ein ikkje har forankra det internasjonale arbeidet.

Eksempel på europeisk arbeid som gjev gode resultat

For å understreke dei politiske og strategiske aspekta ved internasjonalt arbeide føreslår Hordaland fylkeskommune å leggje til fylgjande avsnitt under kapittel 3 i rapporten.

Kva betyr EUs energiunion for Vestlandet?

Ved å ha president og sekretariat i Nordsjøkommissjonen i to år har Hordaland fått eit nettverk og auka kunnskap om EU-prosessar og einsskilde politikkområde. Det gjeld særleg energifeltet og kraftutveksling mellom land. Det har ført til tettare kopling mellom regional politikk og EU-politikk på dette feltet. Auka kunnskap gjorde det mogleg å legge fram ein sak for Vestlandsrådet om EUs energiunion og kva det betyr for Vestlandet like etter strategien vart presentert i EU. Det har direkte ført til ei energikartlegging av Vestlandsfylka, og det arbeidast vidare med ein meir djuptgåande analyse og posisjonering internasjonalt.

Clean North Sea Shipping – vidareføring og resultat

CNSS prosjektet involverte mange ulike organisasjonar frå forskning, policy, havnedrift og privat sektor. Denne tverrfaglege samansettinga var eit av suksesskriteria for prosjektet. Samarbeidet med private aktørar som Gasnor og DNV/GL var særskilt verdifullt på grunn av den faglege tyngda desse brakte inn i prosjektet. Dette omfattar emne som risiko analyse, LNG bunkring, luftutslepp frå skip, men også andre emne. Denne kunnskapen er ein viktig del av plattformen for utvikling av ei miljøsertifisering i Bergen og Omland Havnevesen (BOH). Dokumentasjon, rapportar og resultat frå prosjektet er tilgjengeleg. Som ei oppfølging av CNSS prosjektet blei prosjektleiarer for CNSS engasjert av Bergen og Omland Havnevesen for å jobbe med miljøutvikling innafor havna. Arbeidet var delfinansiert av Fylkeskommunen og Bergen kommune. Arbeidet har fokusert på 3 emne, - miljødifferensierte havneavgifter, luftkvalitet og miljøplanlegging. Arbeidet med miljøplanlegging har spesielt glede av nettverket av havner og andre aktørar som deltok i CNSS. Ein jobbar med tilsvarande problemstillingar i dei fleste havner, og CNSS nettverket har vore svært nyttig for å samle slike erfaringar. Miljødifferensierte avgifter blei innført i Bergen havnedistrikt frå 1/1-2016. Tilrådinga om innføring av avgifta bygger på erfaringar frå CNSS prosjektet og erfaringar frå partnerar i CNSS som allereie har innført slik rabattordning (Oslo, Antwerpen, Gøteborg). Eit av resultatene i CNSS var estimeringsfunksjonar for luftutslepp frå skip i havn. Desse nyttast i dag for å lage utslippsrekneskap for skip i Bergen havn. Eit tiltak som hadde spesielt fokus i CNSS var innføring av landstrøm. BOHs bygging av landstrømsanlegg for offshore fartøy er tett kobla til deltakinga i CNSS prosjektet. Erfaringane frå prosjektet legg også grunnlag for vidare satsing på landstrøm. BOH har på bakgrunn av erfaringane frå CNSS vald å gå vidare med internasjonalt samarbeid som partner i Interreg/Baltic Sea Region prosjektet Green Cruise Port. Dette startar i mai 2016 og dreier seg om berekraftig utvikling av cruisehavner. Arbeidet vil dra vekslar på tidlegare erfaringar frå Interreg-samarbeid.

Kjenneteikn ved vellykka europeiske prosjekt: partnerar med spisskompetanse eller langsiktige partnerskap?

Under kapittel 4 i rapporten kan det virke som langsiktige partnerskap og partnerar med spisskompetanse står opp imot kvarandre når det gjeld vellykka europeiske prosjekt. Ei løysing er å omtale det i same avsnitt for å understreke at ulike prosjekt krev ulike oppfølgingar. Hordaland fylkeskommune har gode erfaringar med samarbeidsregionar, kor ein over tid bygger opp partnerskap og kjennskap til kvarandre. Samstundes nyttar ein organisasjonar og nettverk for å finne konkrete partnerar i einsskilde prosjekt. Det er viktig at fylkeskommunen har prosjektkompetanse, med moglegheit til å guide til riktig program i mobiliseringsprosessen.

Støtte i tidleg fase prosjektutvikling er knytta til H2020

Det er naudsynt å presisere at støtte til førebunde fasar i eit prosjekt (4.6), det å nytte NCP-ane i Noregs Forskingsråd til å sonde kommande utlysingar (4.7) og Forskingsrådets prosjektetableringsstøtte (4.7) gjeld Horisont 2020, ikkje Interreg. Det finst ikkje tilsvarande ordningar for dei andre EU-programma, korkje i Forskingsrådet eller hjå andre aktørar.

Nasjonalt kontaktpunkt i Interreg

Hordaland fylkeskommune føreslår å leggje inn eit nytt punkt om nasjonalt kontaktpunkt 4.13 regionale nasjonale kontaktpunkt for Interreg B og C program, regional kunnskap og nettverk, resursar og kompetanse i å utføre rollen

Frå rolla Hordaland har på vegne av Vestlandsrådet føreslår vi fylgjande tekst:

Hordaland fylkeskommune fekk vervet som nasjonalt kontaktpunkt for Nordsjøprogrammet etter innstilling frå Vestlandsrådet og den operative funksjonen er gitt til seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse. Nasjonalt kontaktpunkt har ansvar for oppgåvene knytt opp mot nasjonal representasjon for programmet. Hovudoppgåvene er blant anna å yte informasjons- og rådgivingstenester overfor potensielle prosjektsøkjjarar i Noreg, delta i styringskomiteén for programmet der prosjektsøknadene vert handsama og delta i ein nasjonal referansegruppe leia av KMD. Representanten deltek og i Vestlandsrådet si internasjonale gruppe. Hordaland har hatt høve til å bygge opp ein betydelig kompetanse i politikk område av betydning for Interreg og Nordsjøområdet i tillegg til ei spesialisering og kompetanse om prosjektsamarbeid og nettverk rundt Nordsjøen. Dette gjer at Hordaland har god innsikt i korleis prosjektarbeid nyttast og drivast.

Det må supplerast med rolla til nasjonale kontaktpunkt i de forskjellige Interreg programma og deltaking i programma sine styrings og overvåkingskommitear. Nasjonale kontaktpunkt har kompetanse innafor EU-politikk, innsikt i programma sine strategiske retningar, oversikt over utlysningar og tildeling samt eit nettverk nasjonalt og internasjonalt.

Midlar til regionalt nivå

Hordaland fylkeskommune meiner det er naudsynt å overføre midlar til regionalt nivå for at regionane kan ta ei større rolle i det internasjonale arbeidet. Fylgjande tekst føreslåast:

Noreg/norske aktørar hentar ikkje ut nok EU- midlar i forhold til det vi betaler inn for å få delta i EU-programma. I Stortingsmeldinga bør nytt regionalt nivå få ansvar for å mobilisere til regional deltaking i EU program. Regionanes styrke i å jobbe tverrsektorielt og tverrfaglig, samt samfunnsutviklerrollen som bidrar til å mobilisere regionale aktørar, bør og understrekast. Nye regionar kan i større grad forvalte midlar.

Regionalt ansvar for å mobilisere til EU-program må tydeleggjerast. Det er i denne samanheng naudsynt å setje av regionale midlar til prosjektutvikling/søknadsskriving. Mange initiativ og prosjektidear stoppar opp fordi det ikkje er midlar til tidleg-fase prosjektutvikling regionalt. I dag finnes det midler kun til prosjektutvikling innafor H2020 (rf. 4.7). Vi ønsker å kunne tildele prosjektmidler til prosjektutvikling for å sikre EU-prosjekt som er strategiske og godt forankret i plan og strategiarbeidet for den nye regionen. Nye regionar bør forvalte slike midlar.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Camilla Løvaas Stavnes
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.